



Kommunedelplan for kulturminner i Gjemnes kommune 2017 – 2028



INNHALD

1	Føreord.....	3
2	Bakgrunn og føremål	4
2.1	Innleiing.....	4
2.2.	Plantype og avgrensingar.....	4
2.3.	Forhold til kommuneplana sin arealdel.....	5
2.4	Definisjonar	6
2.5	Forvalting av kulturminne.....	7
3	Planperiode	8
4	Mål og visjon	8
4.1	Hovudmål.....	9
5.	Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø	9
5.1	Kriterie for verdsettning.....	9
6	Kort historikk om Gjemnes kommune.....	10
7.	Tematisk oversikt over kulturhistoria vår	11
7.1.	Vår eldste historie – Automatisk freda kulturminne	11
7.2.	Gravplassar, kyrkjer, kyrkjegardar	13
7.3	Primærnæringar	14
7.4.	Industri og handverk.....	16
7.5.	Samferdsel og kommunikasjon	18
7.6.	Bustadar og bustadtypar/bygningar	20
7.7.	Skulehistorie.....	22
7.8.	Setermiljø/kulturlandskap	23
7.9.	Frivillig lag og lagshus.....	24
7.10.	Friluftsliv – jakt og fiske	25
7.11.	Slåttemark og naturbeitemark.....	27
7.12.	Immaterielle kulturminne.....	27
8.	Kulturminne i Gjemnes	28
9.	Prioriterte kulturminne.....	33
9.1.	Generelle tiltak	33
9.2.	Fornminner	33
9.3.	Bygningsmiljø	33
9.4.	Samferdsel og kommunikasjon.....	33
9.5	Handlingsprogram.. ..	34
10	Kart.....	35

1 Føreord

Vi skal ta vare på historia vår for ettertida. Dette er eit ansvar vi til ein kvar tid har.

Meir eller mindre bevisst har vi kvar med oss tatt vare på både hus, gjenstandar, bilde og anna dokumentasjon. Noko av dette har gått tapt, men mykje er også tatt vare på slik at vi for ettertida kan ha glede av det.

Eit godt eksempel er det arbeidet som er gjort i Gjemnes med gards- og ættesoger. Gjemnes har ei komplett samling for heile kommunen. Nemnast bør også Gjemnes Minne som har kome ut utan avbrot sidan 1978.

Når det gjeld kulturminne i form av gjenstandar, bygningar og kulturmiljø, så er ikkje dette systematisk registrert før. Gjennom arbeidet med kulturminneplana, har vi gjort eit forsøk på å få registrert kva vi har i Gjemnes.

Riksantikvaren har hatt eit mål om å skaffe betre oversikt, styrke samarbeidet mellom forvaltningsnivåa og styrke den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet.

Derfor er det sett i gang eit landsomfattande arbeid med å lage kommunale planer for kulturminna våre. Riksantikvaren har som mål at alle landets kommunar skal ha ferdig kommunedelplan for kulturminne innan 2020.

Ynskje frå arbeidsgruppa har vore å få ei oversikt over alle verdifulle kulturminne i kommunen vår. Denne oversikta har vi prøvd å skaffe oss gjennom lokalkunnskap og gjennom innspel på folkemøte og annonsering.

Kommunestyret vedtok i sitt møte den 29.10.-15 planprogram for kommunedelplan for kulturminner i Gjemnes. Dette har danna grunnlaget for plana.

I samarbeid med Gjemnes historie- og museumslag vart det gjennomført eit opent folkemøte der dei som møtte fikk høve til å koma med innspel til plana.

Planforslaget var lagt ut til offentleg høyring i perioden frå 15.02.-17 til 20.04.-17. I plana er det tatt omsyn til dei innspel vi fikk i høyringsprosessen.

Vi kan ikkje garantere at alle verdifulle kulturminne er med i plana. Men det vil også seinare bli høve til å komplettere oversikta.

Til dette arbeidet har vi fått god hjelp frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Batnfjordsøra 10.05.2017

Arbeidsgruppa:

Olav Bjørn Nilssen
Sekretær

Olav Inge Hoem

Heidi Hogset

Ola Bjarte Orset

2 Bakgrunn og føremål

2.1 Innleiing

«Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til». (Lov om kulturminne § 2)

Det er vanleg å dele kulturminna inn i to hovudkategoriar: Immaterielle og materielle kulturminne.

Lokale tradisjonar, segn, myter, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminner. Materielle kulturminne er t.d. bygningar, gravhaugar, bruer, buplassar og gjenstandar.

Kulturmiljø er området der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ei investering for framtida. Dei er med på å gje oss identitet og er med på å skaffe kunnskap om oss sjølve og bygdene våre. Som kunnskapskjelde er kulturminna viktig grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Dei fortel den historiske utviklinga i område. Dei hjelper oss å forstå vår eiga tid og forma framtida.

2.2. Platype og avgrensingar

Plana tek føre seg kulturminne frå eldre og nyare tid. Kulturminne frå før år 1537 blir rekna som eldre tid, og blir i denne plana omtala som fornminne. Kulturminne yngre enn frå år 1537, blir rekna som nyare kulturminne.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (heretter omtala som: Kulturminneplana, skal vere ei tematisk plan for heile kommunen. Fornminne, landbruk og kulturlandskap, bygningar og busetjingsmønster, kommunikasjon og gamle ferdselsårer blir prioritert no i planperioden.

For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse i ettertid følgjast opp i reguleringsplaner, og takast med i kommuneplana sin arealdel. Kulturminneplana skal vere førande for all byggjesak og planhandsaming i kommunen.

Når det gjeld dei prioriterte kulturminna og kulturmiljøa som no er tatt med i plana, ligg desse innanfor dei fire tema som er prioritert i planperioden.

2.3. Forhold til kommuneplana sin arealdel.

Planprosessen for kulturminneplana er starta parallelt med rullering av kommuneplana. Konsekvensane av tiltak og registreringar i kulturminneplana skal innarbeidast i kommuneplana sin samfunns- og arealdel.



Gravrøys på Ikornneset

2.4 Definisjonar

Kulturminnelova definerer kulturminne slik i § 2:

”Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng”.

2.4.1 Fornminne

Dette er kulturminne frå før reformasjonen i 1537. Desse kulturminna er automatisk freda.

2.4.2 Nyare kulturminne

Dette er kulturminne frå tida etter 1537. Slike kulturminne kan bli freda etter enkeltvedtak.

2.4.3 Faste kulturminne

Kulturminneplana omfattar faste kulturminne, og dermed ikkje gjenstandar.

2.4.4 Listeførte kyrkjer

Alle kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850 er verna. Også mange kyrkjer bygd etter 1850 er listeførte. I vår kommune gjeld dette Øre kyrkje. Saker som vedkjem endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova.

2.4.5. Museumsverna kulturminne

Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova.

Musea kan vere offentlege, halv-offentlege, private, stiftingar eller ha anna organisasjonsform.

2.4.6 Offentleg verna kulturminne

Kulturminne, bygningar og andre faste kulturminne, som det offentlege eig eller har vedlikehaldsansvar for.

Kulturminnet skal bevarast, men treng ikkje ha opphavleg funksjon eller museal funksjon.

2.4.7 Omsynssonebevaring

Kulturminne og kulturmiljø som er sikra ved regulering eller som er bandlagt for seinare sikring gjennom regulering etter plan og bygningslova (§ 12-6).

2.4.8. Freding av bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid.

Freding er eit verkemiddel innan lovverket som er meint å ta vare på noko, og verne det mot inngrep. Føremålet med fredinga kan vere at ein vil ta vare på eit kulturminne eller kulturlandskap. Dette er freding ved enkeltvedtak jamfør kulturminnelova § 15.

2.4.9. Vedtaksfreda område

Eit område som er freda rundt eit freda kulturminne eller skipsfunn for å ta vare på kulturminnet i miljøet eller for å ta vare på vitskapelege interesser som er knytt til det, jf. kulturminnelova § 19. Et kulturmiljø kan fredas etter § 20 for å ta vare på området sin kulturhistoriske verdi.

2.4.10. Automatisk freda kulturminne

Er eit kulturminne som er automatisk freda gjennom lov (såkalla legalfreding). Dette gjelder alle arkeologiske lokalitetar, bygningar, gravplassar, ruinar, borgar, kyrkjestadar m.m. som er eldre enn frå år 1537. Desse er freda gjennom kulturminneloven § 4. Det same gjeld samiske kulturminner som nemnt ovanfor frå meir enn 100 år tilbake. Byggverk som Riksantikvaren har erklært som ståande byggverk frå perioden 1537-1649 er også automatisk freda.

2.4.11. Verna kulturminne

Er vern ved lov eller andre verkemidlar. I tillegg til å omfatte dei kulturminna som er freda etter kulturminnelova eller tidlegare lovverk, omfattar kulturminner som er freda etter svalbardmiljøloven eller verna etter plan- og bygningsloven, kyrkeloven, eller naturmangfaldloven. Andre verkemidla for vern er statleg, verneplaner, avtaler, listeføring etter kyrkerundskrivet, eller anna listeføring, m.m.

2.4.12. Verneverdig / bevaringsverdig kulturminne

har gjennomgått ein kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Verneverdig og bevaringsverdig betyr det same og blir brukt om kvarandre.

2.4.13. Bygningar og område i SEFRAK

Sekretariat For Registrering Av Faste Kulturminne: Dette er eit nasjonalt registerte over faste kulturminne frå før 1900 som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller ved regulering til omsynssone bevaring.

2.5 Forvaltning av kulturminne

2.5.1. Fornminne/Automatisk freda kulturminne

For desse er forvaltningsmynde lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune og Riksantikvaren.

2.5.2. *Konsekvensar av vern*

Når verneverdien av eit kulturminne er fastlagt, må dei praktiske konsekvensane av eit vern vurderast. Kulturminnet sin verdi må vegast opp mot dei konsekvensane eit vern vil få.

2.5.3. *Teknisk tilstand*

Eit kulturminne kan vere så forfalle at det meste må skiftast ut for å få sett det i stand. Då må eventuelt det totale miljøet kulturminnet står i og plasseringa i høve til dette vurderast opp mot kor autentisk det restaurerte kulturminnet blir.

2.5.4. *Økonomi*

Utarbeiding av kulturminneplan er Gjemnes kommune sitt bidrag for å styrke og synleggjere kulturminna og kulturminnevernet i kommunen.

Elles kan statlege midlar gjennom t.d. «tiltaksplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) nyttast til istandsetting og vedlikehald av bygningar knytt til jordbruket.

Fylkeskommunen rår over ein del midlar til istandsetting. Det same gjeld Kulturminnefondet. Det finns også andre finansieringskjelder.

2.5.4. *Konfliktnivå*

Bevaring av kulturminne kan kome i konflikt med andre samfunnsinteresser, som t.d. vegar, kraftbygging, nybygg og liknande. Avveginga i slike saker ligg hos politikarane på kommune, fylkeskommune og departementsnivå.

3 Planperiode

Kulturminneplanane for Gjemnes kommune får frå 2017– 2028. Handlingsdelen i kulturminneplanane kan bli rullert kvart år i samband med handsaming av økonomiplana dersom det er behov for det. I tillegg vil det blir gjennomført ei hovudrullering av handlingspana kvart fjerde år.

4 Mål og visjon

Visjonen for kulturminnearbeidet i Gjemnes er å ta vare på eit breitt utval av kulturminner som viser litt av livet og utviklinga i kommunen vår frå førhistorisk til og fram til i dag.

4.1 Hovudmål

Målet med lokal kulturminneplan er å auke kunnskapen om, og bevisstgjerings av lokale kulturminner i Gjemnes, og å etablere grunnlag for god kulturminneforvaltning. Vi treng kulturminna våre for å ta med historia vår inn i framtida.

Dette er oppnådd gjennom:

- Registrering av faste kulturminne
- Foreta verdivurdering av registrerte objekt.
- Utarbeide forvaltningsplan/handlingsplan for utvalde kulturminner.
- Formidling av historia til nye generasjonar.

Gjennom arbeidet med planprogrammet er det avklart korleis den tematiske kommunedelplana skal innrettast, samt omfang og innhald. Arbeidet med planprogrammet er ein prosess der kommunen kjem fram til kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø og kva som skal vere målet med planarbeidet. Ein har kome fram til prioriterte satsingsområder innan kulturminne.

5. Metodar for utveljing og verdisetting av kulturminne og kulturmiljø

Gjennom planarbeidet er det gjort eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som skal avspegle kommunen si historie og kva som er eigna for vern.

5.1 Kriterier for verdisetting

Kulturminneplana legg opp til prioritering og forvaltning av kulturminna i Gjemnes på tre nivå:

- Høgt prioritert kulturminne og kulturmiljø – Nasjonal verdi
- Prioriterte kulturminne og kulturmiljø- Regional verdi
- Andre kulturminne og kulturmiljø-
 - Høg lokal verdi
 - Andre lokale kulturminne og kulturmiljø.

5.1.1. Høgt prioriterte kulturminne og kulturmiljø

Dette er kulturminne som vi ikkje vil miste, fordi dei har stor samfunnsverdi, er tidstypiske og er representativ for den tida dei vart bygd/etablert. Dei har nasjonal verdi.

5.1.2. Prioriterte kulturminne og kulturmiljø

Dette er også kulturminne som har høg verdi. Desse kulturminna har i stor grad samfunnsverdi, det må likevel akseptast at eigedomane kan tilpassast dei formåla som eigaren ynskjer. Desse har verdi for eit større område, ein region.

5.1.3 Andre kulturminne og kulturmiljø.

Alle andre kulturminne kjem i denne gruppa. Dette gjeld alle bygningar som er registrert i SEFRAK og i kulturminnesok.no og dei som er tatt med i lista under oversikta Kulturminne i Gjemnes. Dette lista er ikkje uttømande.

Men her er det viktig å skilje mellom kulturminne som har høg lokal verdi og andre kulturminne.

Kriterier for dette må bygge på:

- Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?
- Kva opplevingar kan kulturminne gje oss?
- Kva kan vi bruke kulturminnet til?

6 Kort om Gjemnes kommune

Namnet Gjemnes er eit gardsnamn som tidlegare har vore skrive *Gimnes*. Førsteleddet er truleg eit elvenamn med stammen *gim-* eller *gím-*, norrønt *gíma*, 'opning' eller 'munning'. Etter som det ikkje munnar ut noko elv på staden, har truleg namnet samanheng med Gjemnes-sundet.

Gjemnes fekk si samansetjing slik kommunen er i dag i 1964. Kommunen vart da slått saman av tidlegare Øre kommune, Gjemnes kommune og deler av Tingvoll. (Angvik, Flemma, Fagerli og Hoem/Kvalvåg)

Gjemnes kommune ligg på Nordmøre, i grenslandet mellom kyst og innland. Kvernesfjorden, Batnfjorden og Tingvollfjorden utgjer kystlinja med eit kulturlandskap prega av aktivt landbruk gjennom mange generasjonar. Innlandet finn vi dalføra innover mot Osmarka. Også her er landskapet prega av jord og skogbruk.

Kommunikasjon og samferdsel har vore grunnlaget for samarbeid og utvikling gjennom alle tider. Så lenge båten var det viktigaste framkomstmiddelet, var det naturleg at naboen på andre sida av fjorden var den du samarbeidde med, og ikkje den på andre sida av fjellet. Dette har nok prega kulturminna våre også. (Nordmørslåna er typisk for byggestilen på gardane våre).

Vi har like vel hatt lange tradisjonar med samferdsel og kommunikasjon over fjellet i Gjemnes. Dette finn vi att både i postvegen som går over Osmarka og vegfar over Fursetfjellet. Norges første bussrute gikk frå Molde til Batnfjordsøra.

Under har vi prøvd å lage ei tematisk oversikt over det vi meiner er dei mest interessante og viktige tema innan vår kulturhistorie.



Utsikt frå Stokknoken mot Øre og Skeidsdalen

7. Tematisk oversikt over kulturhistoria vår

Kulturminneplana for Gjemnes kommune er delt inn i elleve ulike tema med ei kort skildring innanfor kvart tema for kommunen si historie. Vidare er det lagt inn eksempel på kulturminne innanfor kvart tema.

7.1. Vår eldste historie – Automatisk freda kulturminne

Heilt frå isen trekte seg tilbake frå strendene våre for meir enn 10000 år sidan (eldre steinalder) finn vi spor etter dei første menneska også i Gjemnes. Vi finn ingen graver eller andre faste kulturminne frå denne første tida, men funn av flint viser at det har vore aktivitet også her.

Det første synlege beviset på fast busetting i kommunen finn vi på Einneset på Høgset. Dette gardsanlegget vart utgrave av Vitenskapsmuseet i Trondheim i 1965. Det har vore gardsdrift her så langt tilbake som ca år 500 f.Kr.

Under utgravinga vart det funne tufter etter to hus og ei grav, i tillegg til gardfar og åkerfelt. Også tuftene etter eit naust er registrert.

På Ikornneset litt lengre ute, finn vi ei heil rekke med gravrøyser som vi kan tidfeste til perioden mellom år 0 og ca år 1000 e. Krf. Slike gravrøyser er registrert ei heil rekke plassar i kommunen vår. Desse er å finne i databasen *kulturminnesok.no*.

Tida fram til rundt 1000 e. Krf vert kalla førhistorisk tid. Menneska som levde på denne tida hadde ikkje noko skikkeleg skriftspråk som kunne setje dei i stand til å overlevere si historie til etterslekta. Gjennom fornminna kan delar av den gamle saga setjast saman på nytt. Eit fornminne som går tapt utan å vere fagleg granska, er difor eit tapt og uleset blad av bygda si soge.

7.1.1. Status

Fornminne er ei vanleg nytta nemning i arkeologisk og kulturhistorisk samanheng om slike gjenstandar og innretingar frå gamal tid som i vanleg tale ofte vert kalla fortidsminne, og i lovgjevinga i Noreg vanlegvis vert kalla kulturminne. Kulturminne som er eldre enn frå 1537, det vil seie at dei er eldre enn reformasjonen, er i Noreg freda i kraft av kulturminnelova utan at det er naudsynt med vedtak frå vedkomande styresmakt i kvart einskilde høve(Henta frå Wikipedia)

I fleire omgangar er det registrert fornminne i Gjemnes. Alle desse skal no vere samla i nettportalane Askeladden.no og [kulturminnesøk](http://kulturminnesøk.no).

Nordmøre museum har utarbeidd forslag til undervisningsopplegg for Ikornneset, for steinalderen og for vikingtid.

7.1.2. Mål

Gjemnes kommune vil i samarbeid med regionale styresmakter sikre fornminna mot øydelegging, og i samarbeid med grunneigarar, historielag, museum og skule, nytte desse som eit utgangspunkt for kunnskap og oppleving.

7.1.3. Tiltak

Etablere eit godt og forpliktande samarbeid med regionale styresmakter når det gjeld forvaltning og tilrettelegging og eventuelt informasjon om kulturminne.

Vidareutvikle undervisningsopplegg saman med Nordmøre museum.



På Hallset ligger en stor gravhaug med god utsikt utover fjorden. Foto: Bjørn Ringstad.

7.2. Gravplassar, kyrkjer, kyrkjegardar

Kyrkjene våre er historiske bygningar som vi skal ta vare på. I Gjemnes har vi to kyrkjer.

- Øre kyrkje vart bygd i 1865, men her har stått kyrkje før. Skriftlege kjelder viser at den første kyrkja på Øre vart bygd så tidleg som i 1303. Øre kyrkje har status som listeført kyrkje. Til kyrkja høyre også ein kyrkjegard. Når denne vart etablert er uklårt.



Øre kyrkje

- Gjemnes kirke vart bygd 1893. (Ikkje freda) Til kyrkja høyrer kyrkjegard som vart etablert samtidig med at kyrkja vart bygd.



Gjemnes kirke

- Osmarka kapell vart bygd i 1910. I 2008 vart det gjennomført eit omfattande restaureringsarbeid innvendig. Bygget er vigsla til kyrkjebruk i 1912. Ein kyrkjegard høyre til.
- Flemma gravsted og kapell
- Batnfjord gravsted

7.2.1. Status

Flemma kapell treng opprusting

7.2.2. Mål

Ta vare på kyrkjebygga og gravminna våre

7.2.3. Tiltak

Utarbeide plan for å ta vare på eit godt utval av gravsteinar og jarnkors.

7.3 Primærnæringar



Astad gard

Primærnæringar, og da særleg landbruk har gjennom alle tider sett spor etter seg. Vårt klima gjer at det ikkje finnest bygningar som er særleg meir enn 200 år gamle. Men restar av murar, kolmiler m.m., syner at landskapet vårt har vore nytta til næring i uminnelege tider.

Jarnaldergarden på Einneset er det eldste eksemplet vi kjenner. Men gardsnamn og andre kjelder tyder på at svært mange av gardane vart rydda og tatt i bruk i folkevandringstida og vikingtid (400 – 1000 e.Kr.)

Under svartedauden i 1349 vart svært mange av gardane lagt aude, og det tok fleire hundre år før folketalet tok seg opp og alle gardane vart tatt i bruk på nytt. Frå denne perioden finn vi også gardsnamn som tyder på at dei har vore ute av drift.

Av dei eldste våningshusa som framleis er bevart i kommunen er nok *Nistua på Heggem* og hovudbygninga på *Gjemnes gard*. Desse er truleg frå 1700 talet.

Huset i Stokkåsen/Hamballåsen er også frå om lag same tid. Frå utover på 1800 talet har vi mange eksempel både på våningshus, driftsbygningar, seterhus m.m. knytt til primærnæringane. Det same gjeld naust og kaianlegg.

Også skogbruket har sett sitt preg på kulturminna våre. Under «Hollendertida» (frå 1500 talet til ut på 1700 talet) vart store deler av furuskogen i distriktet vårt hogd ned og skipa til Holland/Nederland. Dermed fikk vi ei oppblomstring av kaier, sagbruk og damanlegg for fløyting av tømmer. Rester av dette finnast framleis.

Sommarfjøs var i ein periode frå midten av 1800-talet og fram til midten av 1900 talet eit supplement til seterdrifta vår og haust. Og for dei gardane som ikkje hadde eiga seter, vart dette ei erstatning. Mange flotte sommarfjøs har nok gått tapt, men vi har framleis fleire som er godt bevart.

Bureising har sett sitt preg på kulturlandskapet og busetting også i vår kommune. Eksempel på dette finn vi kanskje særleg på Aspåsen, men også i Gaupsetmyra er det bygningar frå glansperioden for bureising i mellomkrigstida.

Dei siste bureisingsbruka vart bygd opp i 1980 åra.

Husmannsplassar har utgjort ein viktig del av bygningsmassen og kulturen vår. Diverre er det ikkje mange att. Men eksempel er tatt med i plana.

Løypestreng var eit godt hjelpemiddel både for å få frakta mjølk ned frå setra, men også til å få veden ned dei mange bratte fjellsidene våre. Her ligg det nok mange godt nedgrodde strengar rundt om. Kanskje noko kunne bli montert opp att?

Laksevorper var eit viktig naturgjeve tilskot til gardsdrifta for dei som hadde tilgang til slikt. Stort sett var dette naturskapte viker der laksen kunne fangast. Men til ein viss grad vart det også tilrettelagt ekstra. I vår kommune har vi stadnamna Vorpneset på Høgset og Vorpå på Ranem som synlege bevis på dette.

Steingardar har i uminnelege tider vore brukt for å halde husdyra på rett side av eigedomsgrensene. Dette finn vi mange eksempel på.

Pelsdyrnæringa har dei siste 80 – 90 år sett sitt preg på bygningar knytt til primærnæringa i kommunen. Dei aller fleste av desse bygningane har vore enkle byggverk som har vorte rydda vekk etter at drifta tok slutt. Men på Osmarka har vi gode eksempel på denne typen bygg.

7.3.1. Status

Primærnæringa, og da særleg landbruket, er klart den næringa som har sett mest preg på kulturlandskapet og kulturminna våre. Framleis finnast det svært mange gode eksempel som bør takast vare på.

7.3.2. Mål

Ta vare på kulturminne som kan vise mest muleg av mangfaldet i primærnæringane våre.

7.3.3. Tiltak

Etablere kulturminneløyper

Ta vare på slåttamarker.

Ta vare på eit representativt utval av driftsbygningar frå ulike tidsepokar.

7.4. Industri og handverk



Brygga på Måløya

I tida med naturalhushald vart det aller meste laga heime på gardane. Sjølv om ein hadde spesialistar som smed, skomakar, pottemaker, båtbyggjar og liknande, så er det ingen synlege anlegg etter denne verksemda. Først mot slutten av 1800 talet vart det meir industripreg av ein del produksjonar.

I vår kommune gjaldt nok dette først og fremst produksjon knytt til tømmer og trevirke.

Sagbruk og bøkkes-verksemd er døme på slik industriell verksemd. Angvik var tidleg ute her. Dette er dokumentert ved museet på Angvik gamle handelsstad.

Elles står framleis tønnefabrikken i Flemma som eit synleg eksempel. Seinare fikk vi møbelfabrikkar både i Angvik og på Batnfjordsøra. Harstad ski og møbel var særleg kjent for produksjon av ski. Dette tok slutt på 1960 talet. Lite av dette er tatt vare på.

Ein del gardssager står framleis, men dei fleste er no til forfall.

Produksjon av elektrisitet vart svært viktig framover på 1900 talet. Kraftverket i Angvik, bygd i 1912 er framleis intakt.

I ein periode var det skreddarar i mest kvar bygd, dette vart forløparen til konfeksjonsindustri. Dette vart prøvd i vår kommune utan at vi finn synlege minner i dag.

Utover på 1900-talet vart det meir og meir slutt på bruken av dei små kvernene rundt om, og det vart bygd bygdamøller. Vi har to slike eksempel i Gjemnes: Svortåa mølle på Grønset og Torvikbukt mølle.

På Måløya vart tørking av fisk til klippfisk etter kvart ein industri. Brygga på Måløya er i dag eit flott eksempel på ei stor og viktig næring i vår region. Også på Hoem og Kvalvåg vart det tørka fisk på berga.

Produksjon av is til fiskeindustrien var i ein periode ei stor næring. I vår kommune gjekk dette føre seg på Kvalvåg og i Lamvika. Restar etter taubanen finnast enno.

Sjømæling chromgrube eller Raudberget gruve vart først starta i 1840-åra med liten produksjon og små ressursar. Det vart gjort nytt forsøk på drift kring 1917 utan at ein fann det rekningsvarande. I dag ser ein restar av arbeidsbrakka og gruvesjakta.

7.4.1. Status

Sjølv om Gjemnes ikkje er ein typisk industri-, eller handverkskommune, er det likevel ein god del kulturminne knytt til temaet i kommunen vår.

7.4.2. Mål

Gjennom økonomisk støtte og alternativ bruk bør bygningar og kulturminne knytt til industri- og handverksverksemd takast vare på for ettertida.

7.4.3. Tiltak

- Klippfiskbrygga på Måløya bør takast vare på.
- Tønnefabrikken i Flemma bør takast vare på.
- Svartåa mølle er eit flott eksempel på bygdemøllene som har regional verdi.

7.5. Samferdsel og kommunikasjon



Skyssvogn saman med Norges første rutebuss (Unicen) på Ørakaia ved Batnfjordsøra

I eldre tider var det fjordane og sjøen som var hovudferdselsåra, medan landområda var med på å knyte fjordsystemet saman. Batnfjordseidet/Fursetfjellet var eit slikt landområde som, på grunn av havstykket Hustadvika, vart ei svært viktig ferdselsåre alt i middelalderen.

Over Fursetfjellet finnast det restar etter 4 generasjonar med vegar. Den første er ein holveg truleg frå middelalderen. Også over Osmarka var det viktige ferdselsårer.

Når folket frå Osmarka skulle til kyrkja på Øre, gikk dei over fjellet (Duskaret) Den gamle stien er merka og er lett og gå for dei som vil ta turen. På Hoem finst det ein godt bevart kyrkjebåt med naust..

Vi har fleire steinkaier frå tida da fjordabåten var transportåra mot byen. Det finst godt bevarte kaier på Stokke, Nåstadøran, Berge og Øre.

Norges første bussrute gjekk frå Molde til Nåstadøren på Batnfjordsøra og vart etablert i 1908. Bussen, Unicen, er under restaurering. Denne bussruta vart forlenga fram til Gjemnes kai i 1932. På Gjemnes står framleis ein gamal bussgarasje som eit synleg bevis på den delen av samferdselshistoria vår .

Etter at bilen kom, vart ferjene eit viktig bindeledd over fjordane. I Gjemnes var det ferjekaier på Gjemnes, Høgset, Torvikbukt, Hamna (Bergsøy) og i Angvik. I tillegg var det ein periode også ferjekai på Berge (Bergsøya) og i Flemma.

Ingen av desse er lengre i bruk.

I dag er bruene på Krifastanlegget (Gjemnessundbrua og Bergsøysundbrua) kulturminne som synlege bevis på moderne ingeniør- og arkitektkunst.

Telekommunikasjonsanlegget på Reinsfjellet er også døme på nyare tids kulturminner.

7.5.1 Status.

Vegfara over Fursetfjellet er registrert og kartlagt. Det finns framleis spor etter alle generasjonar med veg og Fursetfjellet.

Dette gjeld også brua over Uførelva som er ei flott steinkvelvingsbru.

Den Trondhjemske postvegen vart etablert på i 1780 åra og fram til siste halvdel av 1800 var dette den viktigaste ferdselsåra over land langs kysten. Det er diverre lite att av den gamle vegtraseen. Eit unntak er Åsenden-Småliin, der ein framleis kan finne spor. Postvegen hadde eit sidespor frå Heggem til Torvikbukt. Her kan ein finne restar av den gamle vegen ved Heggemsvatnet.

Den gamle stien (kyrkjevegen frå Osmarka til Øre) er merka og er lett å gå for dei som vil ta turen.

Nokre av dei gamle kaiene er framleis synleg, men ikkje brukbare. Unntaket er kaia på Nåstadøren i Batnfjorden, Stokke, Berge og på Øre.

7.5.2 Mål

Ta vare på samferdselshistoria vår gjennom kartlegging og tilrettelegging

7.5.3. Tiltak

- Kartlegging av dei gamle kaiene.
- Restaurering av kaia i Flemma
- Skilting av vegfar over Fursetfjellet.
- Det må takast omsyn til bussgarasjen og miljøet rundt den gamle ferjekaia på Gjemnes ved utbygging eller regulering av området.

7.6. Bustadar og bustadtypar/bygningar



Villa Solhaug i Flemma

Bygningsmiljø og enkeltbygningar er mangearta i Gjemnes. Diverre har vi eit klima som har gjort at mykje av det forfell fort. Under emnet primærnæringar er det tatt med litt om bygningane som er knytt til næringane.

Bygningar som vart bygde før ca. 1910 er registrert i SEFRAK.

Bygningar frå før reformasjonen (1537) er automatisk freda. Slike har vi ingen av i Gjemnes, men Gjemnes gard med to stovebygningar er freda i eige vedtak

Meir info om Gjemnes gard finst i kulturminnesøk. Bygningane er for tida under restaurering.

Gjemnes er, og har i all tid vore ein typisk landbrukskommune, noko bygningar og bustadtypar ber preg av. Frå midten av 1800-talet og fram til først på 1900-talet var det ei endring på busettingsmønsteret på gardane. Utsiftingar gjorde at ein gjekk frå klyngetun (fleire gardar saman i eitt tun) til meir spreitt bygging av gardstun. Det er lite eller ingen ting igjen av desse klyngetuna i vår kommune. Medan vi har mange gode eksempel på gardstun frå slutten av 1800-talet. Desse tuna er prega av mange bygningar med kvar sin funksjon. (Smie, eldhus og kvernhus i tillegg til løe med stall og eigne rom for ku, sau, høner og gjerne gris)

Framover på 1900-talet vart behovet for desse små tilleggshusa borte, og løene/driftsbygningane vart meir tilpassa rasjonelle einingar. Denne utviklinga har auka svært raskt dei siste tiåra.

Bygningane på Dønnem er gode eksempel både på tunform og arkitektur frå slutten av 1800-talet. Dette var heimen til stortingsmann og lensmann John Neergaard frå 1845 til sin død i 1885.

Av bustader utan tilknytning til landbruk og gardsdrift har vi ikkje så mange gode eksempel. Men Villa Solhaug i Flemma er eit eksempel på fritidsbustad for «klippfiskadelen» i Kristiansund rundt hundreårsskiftet (1800/1900). Bustadbygging utanom gardstuna kom først for fullt etter 2. verdskrig. Kulturlandskapet vårt er i dag prega av ein salig blanding av enkeltbustader, gardstun og fritidsbustader.

I bygdesenteret Flemma har vi eit bygningsmiljø langs fjorden som det er vel verd å ta vare på.

Prestegarden på Øre vart bygd kring 1900. Både stuebygninga og løa har framleis den same form og utsjånad som da den vart bygd.

7.6.1. Status


Vi har svært mange bygningar frå ulike tidsepokar som det bør takast vare på for framtida. Mykje av dette er registrert i SEFRAK

7.6.2. Mål


Vi bør ta vare på bygningstypar frå ulike tidsepokar og ulike funksjonar.

7.6.3. Tiltak

- Bli ferdig med restaureringa av Gjemnes gard.
- Restaure løa og ta vare på Øre prestegard.



Disse to skissene forsøker å vise «Tunet» på Silset år 1860.



Kartet viser disse 40 stk. bygninger som er gjen tegnet av underskrevne.

Eksempel på klyngetun. Her frå Silset ca 1860

7.7. Skulehistorie



Fagerli skulemuseum

På slutten av 1800 talet vart det bygd skulehus i alle grender i kommunen. I løpet av ein 20-årsperiode var det ein imponerande byggeaktivitet.

Angvik fikk skule i 1879, Fagerli i 1886, Hoem/Kvalvåg 1881, Flemma 1892, Torvik 1878, Heggem, 1883, Gjemnes 1883, Furset/Bjerkely 1884, Batnfjord 1887, Øre 1894, Øye 1895, Storlandet 1895, Bergsøya 1895, Brakstad skule 1930.

Desse skulebygningane har lidd ulik skjebne. Fagerli skule er restaurert og er i dag skulemuseum, Hoem/Kvalvåg er seld til private, Angvik skule er privat, Gjemnes skole og Brakstad skule er gjort om til privat bustad, Bjerkely er privateigd medan Batnfjord skule er restaurert og er i dagleg bruk som skule. Dei andre er borte.

Høgtun folkehøgskule vart starta opp i 1917. Hovudbygninga stod ferdig i 1923 og er rekna som Nordmøre sin største trebygning. Den er framleis i bruk som skulebygning.

Gjemnes Gard var brukt som folkehøgskule i perioden 1916 til 1919.

7.7.1. Status

Sjå over. Vi har framleis fleire skulebygningar som dokumenterer skulehistoria vår.

7.7.2. Mål

Ta vare på skulehistoria både gjennom materielle og immaterielle kulturminne

7.7.3. Tiltak

- Vurdere å flytte Fagerli skulemuseum til Astaddalen på sikt.

7.8. Setermiljø/kulturlandskap



Svanavollen

Det har opp gjennom åra vore eit utal setergreender rundt om i kommunen. Mange av desse er i dag borte og berre stadnamn fortel oss at det har vore seter her. Men like fullt, er det også mange seterstølar som framleis er såpass intakt at ein ser korleis dette har vore.

Døme på slike seterstølar er Svanavollen, Gammelsetra på Silset, Indergardssetra, Orsetsetra og Åndalssetra.

Mange av sela blir tatt vare på og brukt som enkle hytter. Nedlagde seterstølar blir ofte brukt som turmål ikkje minst på grunn av gode vegar/stiar fram. Kulturlandskapet på mange av dei nedlagde seterstølane blir tatt vare på takka vere beiting og til dels slått.

7.8.1. Status

Dessverre er mykje av det kulturlandskapet som vart skapt gjennom eit aktivt landbruk i mange generasjonar, i ferd med å gro att. Gamle steinutgardar gjennom tett skog vitnar om bruksendring.

Likevel finn vi eksempel som er godt tatt vare på. Seterstølen på Svanavollen er eksempel på det.

7.8.1. Mål

Ikkje bygg igjen seterstølane med nye og andre typar bygg.

7.8.2. Tiltak

Gjennom kommunale arealplaner må kulturlandskap og setermiljø sikrast.

7.9. Frivillig lag og lagshus.



Batnfjord ungdomshus

Like før og like etter unionsoppløysinga var det stor aktivitet rundt om i landet for å «fornorske» landet. Dette resulterte i etablering av Det frivillige skyttarvesen, songkor, ungdomslag, idrettslag, m.m. Etter kvart oppstod det eit behov for ein stad å vere for desse laga. I starten tente skulebygga som lagshus, men i mellomkrigstida var det stor aktivitet med å bygge lagshus rundt om i landet.

Slik var det også i Gjemnes. Det vart bygd ungdomshus og bedehus i mest kvar ei bygd. Seinare kom også idretten og skyttarvesenet med både hus og anlegg. Batnfjord bedehus vart bygd i 1905, Skihytta til Kristiansund idrettsforening på Silsetfjellet vart bygd i perioden 1911 – 1915 som dei første. Elles var det størst aktivitet frå slutten av 20-åra fram mot 2. verdskrig. Forsamlingshuset på Fagerlia er bygd i 1952. I løpet av dei siste 40-50 åra har skulebygga tatt meir over rolla som forsamlingslokale. Men i dei kretsane der skulen er nedlagt fungerer dei gamle forsamlingslokala,

Bergsøya, Storlandet, Gjemnes, Bjerkely, Øre, Hoem/Kvalvåg og Fagerlia.

I Batnfjord krets er det både bedehus, ungdomshus og kommunalt samfunnshus.

Torvikbukta bygde nytt bedehus kring 1970. Dette blir brukt som barnehage i tillegg til religiøse møte. Bedehuset i Angvik vart renovera midt på 90-talet og er i dag eit godt vedlikehalde hus.

Det er i dag berre Batnfjord og Bergsøya som har frilyndt ungdomslag. Elles er det no i dei aller fleste kretsane danna bygdalag som har tatt ansvar for lagshusa.

Det er lagt ned, og vil sikkert også i tida framover bli lagt ned store ressursar i vedlikehald av desse husa.

I dag er det mellom 40 – 50 registrerte lag og organisasjonar i Gjemnes. Og mangfaldet er stort, frå mållag og idrettslag til motorsykelklubb og båtlag. Ting er i endring, slik også for organisasjonslivet. Men historia er viktig å ta vare på. Det finst i dag ein heil rekke med lags-protokollar ikkje minst frå dei eldste organisasjonane. Desse er det viktig å ta vare på. Ein del av desse protokollane er i dag oppbevart i det kommunale arkivet. Kommunen må ta ansvar for at meir av dette blir tatt vare på.

Status

Dei fleste lagshusa har ein enkel og særprega arkitektur. Dette er viktig å ta vare på.

7.9.1. Mål

Sørge for at alle bygdene i kommunen har lags/forsamlingshus der folk kan møtast.

7.9.2. Tiltak

Etablere eiga kommunal tilskotsordning for lokale lags/forsamlingshus. Ha klausular som sikrar den historiske kvaliteten ved desse bygningane.

7.10. Friluftsliv – jakt og fiske



Fiske ved Fosterlågen

Jakt og fiske var sær viktig i naturhushaldet. Utmarksressursar med tilgang til fiskevatn, jakt på både storvilt og småvilt gav kjærkome tillegg til kosten.

I Gjemnes der store deler av folket har budd langs kysten, har tilgangen til mat i sjøen vore der til all tida. Utmarksressursane vart dermed ikkje så viktige for desse. Men for folk i Osmarka og kanskje også øvre del av Batnfjorden var nok både jakt og fiske viktig. Vi finn ingen spor etter fangst frå tidlegare tider i kommunen.

Jaktbua til Mogstad i Åndalsfjella er eit minne frå ei tid da det enno var jakt på bjørn og ulv i fjella våre. Denne bua er restaurert og står som godt eksempel på denne tida.

Vi finn også eksempel på mindre naust ved gode fiskevatn og enkle skjul/gapahukar som er sett opp for å gje ly mot ver og vind.

Fjordfiske er vel å sjå på som noko midt mellom primærnæring og matauk for folk flest. På dei fleste gardane langs fjorden var og delvis er det naust som vitnar om fiske i ein eller annan form. Også gardane lengre frå fjorden hadde naustrettar.

Mange naustrekker er framleis godt intakt.

I den seinare tid har friluftslivet vorte ein aktivitet som vi med meir fritid nyttar til rekreasjon, trivsel og mosjon. Dette har ført til etablering av turstiar, bruer/klopper over elver og bygging av enda betre gapahukar og liknande.

Eit kulturminne som er vel verd å ta vare på er alle vardane som er sett opp på fjelltoppar. Her er byggestilen ulik og vitnar om ferdsel lagt tilbake i tid.

7.10.1. Status

Vi har framleis mange flotte naust og naustrekker som er godt vedlikehalde. Desse fortel om eit rikt og viktig fjordfiske. Kulturminne frå jakt og fiske i fjella er ikkje mange i Gjemnes.

7.10.2. Mål

Sørge for at denne delen av historia vår bli tatt vare på

7.10.3. Tiltak

Etablere kulturminneløyper,
Informasjonstavler



Kyrkjevegen Heggem – Øre

7.11. Slåttemark og naturbeitemark

Dyrkajorda på dei etter måten små gardane langs fjordane, har i stor grad vore nytta til å dyrka korn, poteter og noko vinterfôr til dyra. Sommarbeite samt ekstra vinterfôr måtte takast i utmarka. Sjølv på gardar utan seter vart dyra sendt til skogs. I fleire hundre år etter at Hollenderane tok ut skogen er, var det snaue og ned beita lier. Dei beste områda vart slått, graset vart tørka og lagt i høyløer eller sett i stakk og henta til vinterfôr.

Sjølv om liene no har grodd att (og delvis planta igjen) finst restar av steinutgardar som med stor innsats er lagt opp langt opp gjennom dei bratte liene. Dette fordel oss litt om kor verdifull naturbeita og slåttemarkene var.

7.11.1. Status

I Jon Bjarne Jordal si kartlegging av biologisk mangfald i Gjemnes kommune, er det registrert ei heil rekke med beite- og slåttemarker. I denne rapporten er det gjort greie for kva tiltak som bør gjerast for å halde dette i hevd.



Høyløe i Randa på Silsetfjellet

7.12. Immaterielle kulturminne.

Kulturminne er meir enn bygningar, tufter og andre fysiske spor etter levd liv. Også munnlege og skriftlege forteljingar, musikk og liknande er kulturminne. Det same er handlingsboren kunnskap (handtverk m.m.) Dette kallar vi immaterielle kulturminne.

Her har musea våre eit stort og viktig ansvar.

Denne plana har ikkje tatt høgde for å ta med oversikt over kva vi har innanfor denne kategorien.

Men vi må nemne at kommunen har eit komplett bygdebokverk som fortel gardshistoria til alle gardane i kommunen. I tillegg er heftet Gjemnes Minne eit hefte som har kome ut kvart år sidan 1978 og som inneheld ei stor mengde forteljingar og historisk dokumentasjon frå kommunen vår.

8. Kulturminne i Gjemnes

Definisjon av type kulturminner:

N: Nasjonal verdi

R: Regional verdi

HL: Høg lokal verdi

L: Lokal verdi

Nr	Tema	Namn	Bygd	Kategori	Type	Art
	Vår eldste historie					
1		Bergsøya – vestspiss	Bergsøya	Kulturmiljø	N	Steinalder-busetting
2		Høgset/Einneset	Høgset	Kulturmiljø	N	Gardsanlegg Jarnalder
3		Ikornneset	Høgset	Kulturmiljø	N	Gardsanlegg og gravfelt
4		Klokkarbukta	Kvalvåg	Kulturmiljø	N	Steinalderbustad
5		Gjemnes tingstad v/Gjemnes kyrkje	Gjemnes	Kulturmiljø	R	Litt usikkert kva som finns.
	Kyrkjer og kyrkjegardar					
6		Gjemnes kyrkje	Gjemnes	Kulturminne	R	Kyrkjestad
7		Osmarka kapell	Osmarka	Kulturminne	R	Kyrkjestad
8		Øre kyrkje	Øre	Kulturminne	N	Kyrkjestad
9		Øre kyrkjestad	Øre	Kulturmiljø	N	Kyrkjestad sidan 1300 talet
10		Batnfjord og Bjerkely Hjelpgravsted.	Batnfjord	Kulturmiljø	HL	Gravstad
11		Flemma gravsted og kapell	Flemma	Kulturmiljø	HL	Gravstad
	Landbruk – Gardsbruk/ gardstun					
12		Gjemnes gard, kulturlandskapet	Gjemnes	Kulturmiljø	N	Hage
13		Kår-stabburet på Gjemnes gard	Gjemnes	Kulturminne	N	Bygning
14		Solstad Gaupset	Gaupset	Kulturminne	R	Gardsbruk /bureising
15		Astadosen	Batnfjord/ Astad	Kulturmiljø	R	Gardstun

	Tema	Namn	Bygd	Kategori	Type	Art
16		Aspåsen	Angvik	Kulturmiljø	HL	Bureisingsbruk
17		Dønnem	Øre	Kulturminne	HL	Gardstun frå 1800 talet
18		Furset 36/8	Furset	Kulturminne	L	Gardstun frå tidleg 1900
19		Mjølkerampen på Silset	Silset	Kulturminne	L	Gamal mjølkeramp
20		Kvernhus – Tor Arnfinn Silset	Silset og	Kulturminne	L	
21		Kvernhus – Nils Arild Sæther	Åndal	Kulturminne	L	
22		Hoem Kvernhus	Hoem	Kulturmiljø	HL	Kvernhus
23		Kvernhus og smie på Sjømæling 24/3	Skeidsdalen/ Øre	Kulturminne	L	Godt vedlikehalde
24		Husmannsplass på Leabakken (Høgset)	Høgset	Kulturminne	L	Ukjent kva som finns att?
25		Steffenhågen på Blakstad	Blakstad	Kulturminne	L	
26		Nåstadøran (Ivar Øren)	Batnfjordsøra	Kulturminne	L	
27		Øre Prestegard	Øre	Kulturminne	HL	Både hus og løe er bra intakt.
28		Vika på Tørriset	Batnfjordsøra	Kulturminne	HL	Husmannsplass der både hus og løe framleis står.
29		Nistua og Oppistua og heilskapen i tunmiljøet	Gagnat	Kulturmiljø	HL	To gardstun med mange bygningar
	Fiske					
30		Nausta i Ranheimsbukta	Ranheim	Kulturmiljø	R	Nausta og miljøet rundt
31		Laksevorpa på Ikornneset	Høgset	Kulturmiljø	R	Ukjent når?
32		Naust på Hoem	Hoem bnr 6	Kulturminne	HL	Inneheld også ein kyrkjebåt
33		Laksevorp i Vorpvika på	Gjemnes gnr 53	Kulturmiljø	HL	
	Landbruk – utmarksnærige og seterlegg					
34		Sommarfjøsset på Sjømæling 24/3	Skeidsdalen	Kulturminne	L	Sommarfjøs av stein
35		Høybuer og gardstun på Ullaland	Åndal	Kulturminner	HL	Frå før 1811
36		Tjeremile i Flåberget	Furset	Kulturmiljø	L	

	Tema	Namn	Bygd	Kategori	Type	Art
37		Åndalssetra	Åndal	Kulturmiljø	HL	Seter
38		Stokkåsen/ Hamballåsen	Silsetfjellet	Kulturmiljø	HL	Fjellgard
39		Stokkdalen	Stokke	Kulturmiljø	HL	Kulturlandskap
40		Svanavollen	Hoem	Kulturmiljø	HL	Setergrend og kuturlandskap
41		Duålisetra	Osmarka	Kulturmiljø	HL	Seterhus og seterstøl
42		Jutullen -	Gjemnes	Kulturmiljø	L	Våningshus+ kvernhus og miljøet rundt
43		Setertufter i Åndalsskaret	Åndal	Kulturmiljø	L	Restar etter seterdrift
44		Indergårdssetra	Silsetfjellet	Kulturmiljø	L	Setermiljø og utmarksbeite
45		Flemsetervatnet tjæremile	Flemsetra	Kulturmiljø	R	Tjærebrenneanlegg
46		Høyløe i Randa	Silsetfjellet	Kulturminne	L	Restaurert høyløe
47		Løa i Åbakken	Åbakken	Kulturminne	L	
48		Sommarfjøs på Gjemnesgarden og Høgset	Gjemnes/ Høgset	Kulturmiljø	HL	
49		Høybu på Åndalssetra	Åndal	Kulturminne	L	Eigar H. Åndal
50		Sommarfjøs på Bjerkesetsetra	Bjerkeset	Kulturminne	L	
51		Høyløe i Raudlia	Bjerkeset	Kulturminne	L	Ukjent status
52		Steinutgardar på Flåberget	Furset	Kulturmiljø	HL	
53		Område for utmarksslått i Raudlia	Bjerkeset	Kulturmiljø	L	
54		Slåtteenng på Grønset	Storlandet	Kulturmiljø	HL	Vedlikehald gjennom slått
55		Sjømælingssetra	Skeidsdalen	Kulturmiljø	HL	Gjeld seterstølen
	Krigsminner					
56		Krigsminne i Aspåsen/ Åsenden	Fagerlia	Kulturminne	HL	Restar etter skyttar stilling
	Industri og handverk					
57		Endresen Bøkkerverkested	Flemma	Kulturminne	R	Anna tekn. – industri- bødkerverksted
58		Istadvassdraget	Silsetfjellet	Kulturmiljø	R	Anlegg (demningar og kanalar)
59		Kvalvåg – sjøhus	Kvalvåg	Kulturmiljø	L	Produksjon av is til fisk.
60		Raudberget gruve	Skeidsdalen	Kulturmiljø	R	Bergverk – gruveanlegg

	Tema	Namn	Bygd	Kategori	Type	Art
61		Svartåa mølle	Grønset	Kulturminne	HL	Mølle/kvernhus
62		Måløya	Bergsøya	Kulturmiljø	R	Sjøbu/fiskevær
63		Kraftstasjon i Angvik	Angvik	Kulturminne	HL	Kraftstasjon
	Samferdsel og kommunikasjon					
64		Bergsøysundet bru	Bergsøya/ Aspøya	Kulturmiljø	N	Veganlegg – flytebru
65		Den Trondhjemske postveg	Osmarka/ Angvik	Kulturmiljø	N	Veganlegg
66		Postvegen frå Heggem til Torvikbukt - Brekkvegen	Osmarka/ Torvikbukt over Brekkå	Kulturminne	R	Enkelte parti finns enno. Inkluderer kaia i Torvikbukt
67		Fursetfjellet – gamle vegtraséar	Furset	Kulturmiljø	R	Veganlegg
68		Gjemnessundet bru	Høgset/Bergsøya	Kulturmiljø	R	Veganlegg
69		Solenes bru	Solenes	Kulturminne	HL	Steinkvelvingsbru
70		Kyrkjevegen	Skeidsdalen/ Osmarka	Kulturmiljø	L	Turveg
71		Storbrua over Storelva	Batnfjordsøra	Kulturminne	HL	Gamlebrua over Storelva
72		Reinsfjellet TV-mast	Torvikbukt	Kulturminne	R	TV mast frå 1962
73		Gjemnes, bussgarasje	Gjemnes	Kulturmiljø	R	Anna bygningslokalitet
74		Rodesteinen på Åsan i Torvikdalen	Torvikdalen	Kulturminne	HL	Stein med anvising lengde til Molde.
75		Blakstad tollstad	Blakstad	Kulturmiljø	L	Kai m.m.
76		Bussgarasje/ Bilgarasje Øyvind Silset	Batnfjordsøra	Kulturminne	L	Heile bygget
77		Postlåna og stabbur på Heggem	Osmarka	Kulturminne	R	Gardstun
78		Vegminne – Søvika/Krekvik	Storlandet	Kulturminne?	L	
79		Steinbru i Gaupsets karet	Gaupset	Kulturminne	L	
80		Brua over elv på Persetra	Bjerkeset	Kulturminne	L	
81		Merkestein på Holtalivegen	Torvikbukt	Kulturminne	L	Steiner viser årstal for bygging.
	Bustader og bustadtyper/ bygningar					
82		Gjemnes gard	Gjemnes	Kulturmiljø	N	Gardstun
83		Strandheim	Torvikbukt	Kulturmiljø	HL	Våningshus + hage
84		Villa Solhaug	Flemma	Kulturmiljø	R	Feriested

	Tema	Namn	Bygd	Kategori	Type	Art
85		Sørhågen/Jostuå.	Furset	Kulturminne	L	?
	Skulehistorie					
86		Fagerli skule	Fagerlia	Kulturminne	HL	Skulehus
87		Høgtun folkehøgskule (gamlebygget)	Torvikbukt	Kulturminne	HL	Skulebygg frå ca 1920
88		Batnfjord gamle skule	Batnfjordsøra	Kulturminne	HL	Gamleskolen
	Offentleg administrasjon og organisasjonsliv					
89		Ørstua	Øre	Kulturminne	HL	1890
90		Kommunehuset på Gjemnes	Gjemnes	Kulturminne	L	
91		Silsetrenna	Silsetfjellet	Kulturmiljø	R	Idrett- rekreasjon
92		Storlandet Bedehus	Skjærset	Kulturminne	L	Forsamlingshus
93		Batnfjord ungdomshus	Batnfjordsøra	Kulturminne	HL	Forsamlingshus
94		Bakketun forsamlingshus	Hoem/ Kvalvåg	Kulturminne	HL	Forsamlingshus
95		Silsethytta	Silsetfjellet	Kulturminne	R	Bygning/Lagshus
96		Bauta på Storlandet	Stokke	Kulturminne	HL	Bauta over deltakarar frå Storlandet under krigen 1809?
97		Rugebautaen	Furset	Kulturminne	HL	Krigsminne
	Friluftsliv –					
98		Jaktbua til Mogstad	Åndalsfjella	Kulturminne	L	Restaurert jaktbu

Lokalitetar med fleire kulturminner som høyrer saman.

Nummer	Element	Merknad
91 og 95	Silsetrenna og Silsethytta	Felles historie
2,3 og 31	Ikornneset og Einneset	Gravfelt, jernaldergard og laksevorp.
5 og 6	Gjemnes kirke og tingstad	Felles geografisk område
8,9 og 89	Øre kyrkje, kyrkjestad og Ørstua	Kommunesenter
12,13 og 73	Gjemnes gard, kår-stabbur og bussgarasje	Felles geografisk område og kulturlandskap

9. Prioriterte kulturminne

9.1. Generelle tiltak

- Betre kartfesting av kulturminna i kommunen
- Avklare med eigarar interessa, og om det er ønskeleg med hjelp og økonomisk støtte til vern/forvaltning av kulturminne i privat eige.
- Auka kompetanse i verdivurdering og prioritering av lokale kulturminner

9.2. Fornminne

Vi har mange fortidsminne i kommunen. Busetnadar og gravminner er registrert og fins i www.kulturminnesok.no. I alt 90 ulike arkeologiske kulturminne i Gjemnes er registrert her.

Det er særleg langs strandlinja ved fjordane våre vi finn gravminna.

På Ikornneset ligg det ca. 10 gravrøyser, enkelte små røyser, åkerreiner og gardfar. Gravrøysene er typiske kystroyser av varierende storleik, bygde av rullestein. Dei to største har ein imponerende storleik med eit tverrmål på omlag 15 meter og ei høgd på 2 meter. Det er usikkert kor gamle gravrøysene er, men ting kan tyde på at dei stammar frå eldre jernalder og mest sannsynleg frå perioden år 0 til ca. 600 e.Kr.

Elles er det registert gravminne og busetting mellom anna på Bergsøya, Astad, Torvikbukt, Kvalvåg og Flemma.

Gjennom tilrettelegging og informasjon skal Ikornneset vere eit område der vi skal ha fokus på vår eldste historie.

9.3. Bygningsmiljø

Bygningsmiljø og enkeltbygningar er mangearta i Gjemnes. Diverre har vi eit klima som har gjort at mykje av det forfell fort. Det er derfor ikkje så mykje av eldre dato som er synleg lengre. Men frå slutten av 1800 talet og framover har vi mykje. Det meste av dette er registrert i SEFRAK.

Etter som Gjemnes er ein landbrukskommune, må vi få med utviklinga innan landbruk og primærnæringar. Dette omfattar også kulturlandskap, seterdrift og fjordfiske.

Ein bør også vurdere om det skal lagast særskilte retningslinjer for ulike typar seter- og landbruksmiljø, der formålet er å ta vare på heilskapen i kulturlandskapet.

- Svartåa Mølle
- Stokkåsen/Hamballåsen
- Endresen bøkkerverkstad
- Brubekken
- Kulturminneløyper som t.d Torvikbukt - Orsetsetra
- Måløybrygga


9.4. Samferdsel og kommunikasjon

Gjemnes har gjennom århundrer vore eit knutepunkt i samferdsel og kommunikasjon.

Vi kan nemne Postvegen over Osmarka, vegfar og vegar over Fursetfjellet, bruer, fergeleie og kaier. Kyrkjevegen frå Osmarka til Øre.

Frå hesteskyss til buss og TV masta på Reinsfjellet

- Postvegen på Osmarka
- Kyrkjevegen Osmarka- Øre
Dampskipskaiene



Gjemnes kirke like etter innviinga i 1893


Handlingsprogram

Nr	Tiltak	Gjennom- førings- år	Kostnad	Finansiering	Ansvar	Samarbeids- partner	Kommentar
1	Ikornneset fornminneområde – og jarnaldergarden på Einneset - Rydding – Vidare utbygging av sti	2017 – 2020	500.000	BARK + miljødirektoratet	Kommunen	Fylkes- kommunen. Grendelag	Fornminne
2.	Gjemnes gard	2017-2020		Riksantikvaren / Fylkeskommunen	Eigar og fylkeskommu- nen		Freda gardsanlegg.
3.	Kyrkjevegen – Osmarka – Øre. Rydding og merking	2018	100.000	Spelemidlar- Dugnad	Osmarka og Øre bygdalag	Kommunen	Samferdsel
4	Stokkåsen/Hamball- åsen Restaurering + skilting	2018-2019	500.000	Smil midlar- Kulturminne fondet Lokale sponsormidlar			Primærnæring
5	Endresen Bøkkerverkstad – Restaurering	2018-2020	1.000.000	Kulturminne- fondet- Lokal dugnad Lokale sponsormidlar	Eigar	Lokal velforeining/ kommunen/ Fylkeskom- munen	Industri og handverk
6	Kulturminneløype - Torvikbukt – Orsetsetra	2018 -2020	200.000	Spelemidlar- lokal dugnad- Smil – sponsormidlar.	Lokal velforeining	Museumslage t – kommunen- idrettslag	Friluftsliv
7	Svartåa Mølle	2019 -2021	400.000	Smil midlar- Kulturminne fondet Lokale sponsormidlar	Eigar	Fylkes- kommunen Museums- laget	Industri og handverk


10. Kart over registrerte kulturminner og fornminner i Gjemnes




Søvik - Skjærset




Kolset - Grønset




Grønset – Gjemnes




Bergsøya - Sør




Bergsøya Nord




Gjemnes - Blakstad




Batnfjord - Øre




Silsetfjellet – Åndal




Torvikbukt - Sletnes




Kvalvåg - Flemma




Flemma – Angvik



Osmarka



Oversiktskart Gjemnes kommune



Kulturminne i Gjemnes

